



Akvator AS
Nina Skjerping

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3103 - 15/21086

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
04.06.2015

Løyve til igangsetting 3 - gbnr 229/6 Skår - settefiskanlegg

Tiltakshavar: Lerøy Vest AS, 5020 Bergen

Ansvarleg søkjar: Akvator AS, 5417 Stord

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om igangsetting av innvendig arbeid i stålhall, knytt til settefiskanlegg.

Kommunen har i vedtak av 16.10.2013 gjeve rammeløyve. Løyve til igangsetting 1 gjeve 10.04.2014 og løyve til igangsetting del 2 gjeve 21.08.2014.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.05.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.05.2015 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Vest Consult AS fekk i løyve til igangsetting 2 godkjent ansvarsrett for ansvarsområdet (PRO) sanitæranlegg. Føretaket har endra namn. Nytt namn på føretak er Multiconsult Stord AS.

Akvator AS fekk allereie i løyve til igangsetting 2 lokal godkjenning for ansvarsrett kontroll brannsikkerheit.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1/2.



Føretaket Akvator AS org.nr. 883532872 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) innvendig arkitektur - sosial del.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Multiconsult Stord AS org.nr. 865285752 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) sanitæranlegg og ventilasjonsanlegg.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Aritech Engineering AS org.nr. 999101917 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet prosjekterande (PRO) brannalarm, nødllys og ledelys.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket H. Sandvik AS org.nr. 989482920 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) betongarbeider ved innreiing 2. etg.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Langenes Bygg AS org.nr. 979523947 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) tømmerarbeid.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Helland Elektro AS org.nr. 986761718 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) brannalarm, nødllys og ledelys.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 [bokstav] vert det gjeve løyve til igangsetting av innvendig arbeid ved oppføring av stålhall på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 16.10.2013. med vilkår gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
PRO	2	Innvendig arkitektur	Akvator AS	883532872	S
PRO	2	Sanitæranlegg og ventilasjonsanlegg	Multiconsult Stord AS	865285752	S
PRO	2	Brannalarm, nødllys og	Aritech Engineering AS	999101917	S

		ledelys			
UTF	1	Betongarbeider ved innreiing 2 etg.	H. Sandvik AS	989482920	S
UTF	1	Tømmerarbeid	Langenes Bygg AS	979523947	S
UTF	1	Brannalarm, nødllys og ledelys	Helland Elektro AS	986751718	S

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er ein føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3103

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Tiltak etter Pbl § 20-1	Gebyr
10.2.8 Løyve til igangsetting	Kr. 2.900,-
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett a) Kr. 1.000,- pr. føretak med sentral godkjenning x	Kr. 6.000,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 8.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lerøy Vest AS

Postboks 7600 5020

BERGEN

Mottakarar:

Akvator AS